

FAU

torsdag 5. september 2019 19:50

Til stades: Geir Hauge (Oransje), Hege Stein (Turkis), Hege Fuhr(Blå), Ingunn Røsdal (Raud), Tone Berget (Grøn), Ronny Fossøy (Rosa) og Anne Merethe Kvalsøren (styrar)

1. Konstituering av styret:

Leiar: Geir Hauge

Nestleiar: Hege Fuhr

Sekretær: Ingunn Røsdal

2. Fastsetje datoar:

Julefest: 5.desember 2019 i barnehagen

Utan juletregang

KI 17.30-19

Sommarfest: 18.juni 2020

I Parken

Kaker og frukt

Vårdugnad 30.april

3. Prosess kring utviding av barnehagen:

FAU må skrive eit innspel til Rådmann som blir tatt med i saka som skal opp i formannskapet og i kommunestyret denne månaden. Med frist 9. september.

Kva områder meiner foreldra er mest aktuelt som ein friluftsavdeling under Gaupne barnehage. Med målet om at eit avdelinga må ligge i eit friluftsområde og ikkje berre i nærleiken til, så kjem ein fram til denne prioriterte rekkjefølja:

Salen, Verket (tomt 5 og 6), leikeplassen i Rørslebakkane og Hagasanden.

Dette blir tatt med vidare i SU.

4. Ønskje om foreldremøtetema: Fyrstehjelpskurs

Tilbakemeldingar på foreldremøtet i år:

To prosjekt som kan følast motseiande. Fyrst sa Line Melvold at det er viktig med leik og leikemiljø, ikkje testing, stilsettning og mykje organiserte aktivitetar. Så kjem Ada Nilsen frå Act Now og seier at borna nettopp skal testast.

Kva seier barnehagen til dette?

I Gaupne barnehage har me friluftsliv og fysisk aktivitet som satsingsområder i tillegg til psykisk helse. Me brukar naturleikeplassar for å fremje begge desse områda; eigenstyrt aktivitet og glede som då gjev rom for den leiken borna ynskjer og dei blir automatisk i aktivitet utan at me treng legg til rette for styrete aktivitetar.

Sjølvsgatt vil det alltid vera ein balanse av frilei og styrt leik for å sikre oss at alle borna opplev aktiv leik.

Testinga ift dette prosjektet vil vera i ein avgrensa periode, medan prosjektet pågår, for at dei skal få forske på resultata i etterkant. Det er ikkje testing som i form av å prestere noko som enkeltindivid. Men for å sjå samanhengen på at fysisk aktivitet gjev bedre evne til konsentrasjon seinare. Og konsentrasjon er viktig for å kunne halde ut i leik td.

Styrar er samd i at det kunne høyrast ut som to motstridane prosjekt, men det er altså ikkje intensjonen.

FAU takkar for oppklaringa til styrar.

5. Informasjon om Visma Flyt barnehage.

Kommunen har gått for ei løysing som har fungert godt i skulane og som ein ynskjer i barnehagane

øg. Det er mange funksjonar som ikkje er klare til bruk enno, og det gjer at kommunikasjonen ut til foreldra blir litt tungvindt fram til det er klart. Det er veldig frustrerande for styrar ift all informasjon som gjerne skulle sendast ut til alle, raskt.

Og slik som det fungerte i fjor, med sms.

Det er krav til slik kommunikasjon; det skal kunne lagrast i arkivsystemet. Difor kan ikkje styrar sende ut med vanleg epostadresse. Inntil vidare blir det difor fb og oppslag i garderobane.

Fint om FAU hjelper oss med å få flest mogeleg foreldre inn i FB-gruppa.

6. Godkjenning av årsplan og informasjonsfolder

FAU likar formatet på desse dokumenta, og er samd i barnehagen sin tanke om at det er bedre å ha lite, men viktig innhald slik at planen faktisk blir lest, enn at den er over mange sider og ikkje blir lest. Informasjonsfoldaren vart godkjent.

I og med at barnehagen vart trekt til tiltaksgruppe i ActNow så må det inn i årsplanen at me har fokus på fysisk aktivitet dette året. Difor kan ikkje planen godkjennast før det er klart. Både i ped.gruppe og SU.

Ref: Anne Merethe